



Haugen VVA AS  
Kanalveien 5  
5068 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2886 - 19/33312

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:

14.11.2019

## Mellombels bruksløyve for VA-anlegget (2) - gbnr 196/4 Midtgård

### Administrativt vedtak. Saknr: 654/19

**Tiltakshavar:** Fløssvika Utvikling AS

**Ansvarleg søkjar:** Haugen VVA AS

**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og løyve i saka datert 11.01.2019 med endringsløyve datert 08.11.2019.

Det vart gitt mellombels bruksløyve for heile tiltaket med unntak av f\_SPP3 og f\_SPP4 i vedtak datert 11.10.2019. Søknaden om mellombels bruksløyve gjeld VA-anlegget slik det er godkjend i endringsløyve datert 08.11.2019.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk.

Følgjande arbeid står att:

1. Mindre vesentleg arbeid oppgitt som slitelag Agb11 5 cm på SKV1 og snuplass, asfaltering f\_SPP1 og VA-anlegg i parkeringsplassar f\_SPP3 og f\_SPP4.

Søknaden omfattar ikkje etablering av f\_SPP3 og f\_SPP4

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 04.10.2021.

Det vert elles vist til søknad mottatt 08.11.2019.

### VURDERING

Kommunen legg mottatt dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for VA-anlegget, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



## Skildring

|                 |  |
|-----------------|--|
| Bygningstiltak: | Veg og VA-anlegg innanfor reguleringsplanen Fløsvika |
| Avløp:          | Offentleg  |
| Vatn:           | Offentleg  |

## VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for VA-anlegg på bgnr 196/4 på følgjande vilkår:

- Mellombels bruksløyve gjeld VA-anlegget slik det er godkjend i endringsløyve datert 08.11.2019.
- Ferdigattest skal liggja føre innan 04.10.2021.

### Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/2886

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

|                        |               |      |           |
|------------------------|---------------|------|-----------|
| Fløssvika Utvikling AS | Alvervegen 25 | 5911 | ALVERSUND |
| Fløssvika Utvikling AS | Alvervegen 25 | 5911 | ALVERSUND |
| Haugen VVA AS          | Kanalveien 5  | 5068 | BERGEN    |

**Mottakarar:**

|               |              |      |        |
|---------------|--------------|------|--------|
| Haugen VVA AS | Kanalveien 5 | 5068 | BERGEN |
|---------------|--------------|------|--------|